

7 Pleie og omsorg

Ramme 7 omfattar einingane [Valderøy omsorgsdistrikt](#), [Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt](#) og eining Meistring og psykisk helse.

Einingane yter tenester heimla i helse- og omsorgstenestelova.

Teneste	7 Pleie, omsorg og sosial - Kommunedirektøren sitt forslag	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
alle tal i heile 1 000							
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	0	-	-	-	-	-
2130	VAKSENOPLÆRING	-1	-	-	-	-	-
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	480	-	-	-	-	-
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	3 269	3 169	3 688	3 688	3 688	3 688
2342	FRIVILLIGHETSSENTRAL	-	-	-	-	-	-
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	1 526	1 901	1 605	1 605	1 605	1 605
2344	KAFEDRIFT	-	-	-	-	-	-
2412	PSYKISK HELSEVERN	2 411	2 739	2 700	2 700	2 700	2 700
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	-	-	-	-	-	-
2421	FLYKTNINGKONTOR	1	-	-	-	-	-
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 391	1 436	1 581	1 581	1 581	1 581
2440	BARNEVERN TENESTE	-	-	-	-	-	-
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	8 420	8 836	9 484	9 484	9 484	9 484
2531	INSTITUSJONSKJØKKEN	329	399	402	402	402	402
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	61 529	49 089	47 329	47 329	47 329	47 329
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	8 133	8 081	10 772	12 752	12 752	12 752
2543	AVLASTNING	13 749	17 519	17 842	17 842	17 842	17 842
2544	BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	5 007	4 961	7 202	7 202	7 202	7 202
2545	RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	1	9 319	9 825	9 825	9 825	9 825
2546	GISKE OMSORGSSENTER	24 869	26 108	26 563	26 563	26 563	26 563
2547	Godøy Bukollektiv	-	7 980	8 253	8 253	8 253	8 253
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	24 387	23 171	27 449	27 449	27 449	27 449
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	1 326	1 106	1 179	1 179	1 179	1 179
2650	OMSORGSBUSTADAR	12	-	-	-	-	-
Sum ramme 7 Pleie, omsorg og sosial		156 840	165 813	175 873	177 853	177 853	177 853

Giske kommune har tre omsorgssenter. Giske omsorgssenter (37 heildøgns plassar), Vigra omsorgssenter (21 heildøgns plassar) og Godøy og Alnes bukollektiv (12 heildøgns plassar). Alle driv bukollektiv-drift med unntak av 8 institusjonsplassar ved Vigra omsorgssenter. Den største tenesta vår er [heimbasert teneste](#) som blir gitt både i bukollektiv

og i heim til brukar. Vi har eige storkjøkken som leverer gode og effektive tenester både til omsorgssenter, til eigen heim, møtemat og liknande. Giske kommune har bufellesskap til menneske med utfordringar innan psykisk helse og rus (Løkevegen, 10 heildøgns plassar), og [bufellesskap](#) til mennesker med nedsett funksjonsevne, (Gudmundvegen, Skomakarvegen, Reset, med til saman 15 heildøgns plassar) og [dagtilbod](#) (Kingleveven) til mennesker med nedsett funksjonsevne. Vi har dagtilbod ved Giske omsorgssenter og dagtilbod for demente ved Vigra omsorgssenter.


Helse- og omsorg har omorganisert tenestene etter kvart ein har sett det nødvendig. Den siste store omorganiseringa var i 2018 der vi mellom anna samla [rus-tenesta](#) og [psykisk helse](#) i same eining. Denne endringa er viktig og nødvendig for rett utvikling, koordinering og samhandling, og for å møte veksten og utfordringane innan området. [Velferdsteknologi](#) og [kvardagsrehabilitering](#) er satsingsområder innan omsorg, og vi har arbeidd med dette sidan 2015. Dette er ei nødvendig omlegging i tenestene for å møte framtida sine utfordringar. Velferdsteknologi gir meir effektiv bruk av ressursane, gir betre tenester til eldre som bur heime, brukarar ved omsorgssenter, brukarar innan rus og psykisk helse og personar med nedsett funksjonsevne. Giske kommune deltek i [Nasjonalt velferdsteknologi program](#). Frå 2020 vart det krav til kommunane at velferdsteknologi er integrert i helse- og omsorgstenestene.

Tenestene er opptatt av utvikling, kvalitetsforbetring, best ressursutnytting og tverrfagleg samarbeid. Tenestene har hatt ei markant auke i tal brukarar dei siste fem åra (sjå tabell under). Dette er ei utvikling som vil halde fram. Vi må jobbe smartare, endre arbeidsmåtar, justere struktur, nytte ressursane effektivt og vidareutvikle digitale og teknologiske verktøy. Det er ei auka forventning hjå innbyggjarane til kommunal tenesteyting. Dette, i lag med vekst innan pleie og omsorg, vil gjere det ekstra utfordrande i tida framover.

Årsak til auka frå budsjett 2021 til 2022 med kr 10 mill, skuldast auke i Brukarstyrt personleg assistent (BPA) med om lag 2,2 mill, redusert inntekt innan ressurskrevjande tenester med om lag 4,3 mill og auka behov hjå eksisterande brukarar og nye brukarar med ressurskrevjande tenester med kr 5,2 mill. Reduksjonen i inntekter ligg til at nokre brukarar fell utanfor refusjonsgrunnlaget og vi har ressurskrevjande brukarar som fyller 67 år. Det er lagt inn ei auke i budsjett til utskrivingsklare brukarar hjå helseføretaket, då vi dei siste tre åra har hatt meirforbruk innan området. Det er lagt inn løns- og prisvekst.

Refusjon ressurskrevjande tenester er i 2022 budsjettert til kr 29,5 millionar for 23 brukarar. I forslag til statsbudsjett for 2021 er refusjonsgrensa auka med kr 50 000 meir enn lønnsauke. Denne auken har kommunen ikkje budsjettert med da det er usikkert om det blir vedtatt i Stortinget. Om det blir vedtatt vil dette redusere budsjettert refusjon for 2022 med kr 1,1 million og 3 brukarar vil ikkje lenger være omfatta av refusjonsordninga.

Tabell under viser at Giske kommune sitt utgiftsbehov innan pleie og omsorg knytt til demografi, vil auke med 30 % dei neste 8 åra. Dette skjer om vi ikkje set i verk tiltak. Frå 2020 til 2040 vil behov for pleie- og omsorgstenester auke med 90 %. (KS)



Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050, kan vise seg å vere heilt avgjerande for å møte veksten og utviklinga innan helse og omsorg. Mål om vedtak i saka i første kvartal 2022. Denne skal vidare inngå i arbeidet med samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen.

Driftstiltak 2022, innan ramme 7:

- Leanprosessar og nye turnusar, kutt kr 2 mill
- Tilpassing til ramme, effektivisering, kutt kr 3,6 mill.

Moglegheits- og fokusområder

- Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Mål om vedtak i kommunestyre våren 2022.
- Fokus på tidleg innsats, lavterskeltilbod, der vi effektiv når mange. Unngå eller utsette behov for omsorgstenester
- Samarbeid på tvers, mellom tenester og einingar
- Auke bruk av velferdsteknologi, sjølvhjelpsverky, digitale løysingar
- Auke bruk av kvardagsrehabilitering
- Leve heile livet, aktivitet og fellesskap.
- Kommune 3.0. Styrke samarbeid med frivillegsentralen og NAV.
- Vidareutvikle dagtilboda
- Omstilling av heimebaserte tenester
- Prosjekt VINN-VINN, fokus på sjukefråvær, rekruttering, kompetanse, arbeidsmiljø, heiltidskultur, turnus.
- Spisse oppgåvene til dei ulike yrkesgruppene. Service-vertar, aktivitetsvertar, assistentar
- Fortsetje å søkje tilskot/midlar til utviklingsarbeid og styrking av tenestene

7.2 Utfordringsbilde

- Den økonomiske situasjonen gjer det vanskeleg å yte lovpålagde tenester. Nivået på tenestene vert kontinuerleg vurdert.
- Lav grunnbemanning i tenestene gjer at vi står i fare for å ikkje klare å levere nødvendig helsehjelp. Auka sjukefråvær og vanskeleg å rekruttere til stillingane er konsekvensar vi ser i dag.
- Det er ei auke i tal barn og unge med særlege behov. Det er kartlagt om lag 50 barn med ulike utfordringar som vil trenge bu- og tenestetilbod innan ei viss tid. [Rapport](#) Det er vanskeleg å planlegge då vi ikkje veit kor tid hjelpebehovet slår inn.
- Risikoen for nye brukarstyret personleg assistent-brukarar, auka behov for avlastning og tenester til menneske med nedsett funksjonsevne er stor. Behovet er svært lite føreseieleg og vanskeleg å planlegge for, då brukarane kan kome på kort varsel og kan ha behov for store ressursar. Innan omsorg er dette den største økonomiske risikoen. Frå rekneskap 2019 til budsjett 2021 er det ei auke med kr 25 518 000.
- Auke i tal demente. I snitt er det registrert 53 nye brukarar i året sidan 2016. [Rapport](#) Det nye dagtilbodet for demente ved Vigra omsorgssenter, etablert september 2019, er eit viktig tiltak for å møte veksten. Dette vart også ei lovpålagd teneste frå 2020.
- Tal på brukarar innan helse- og omsorgstenestene har auka med 446 i perioden 2014 til 2020. Det er nærmast ei dobling av tal brukarar.
- Vi må ta i mot utskrivingsklare brukarar ved helseføretaket. Både 2019 og 2020 vart det meirforbruk på om lag kr 400 000. Per sep 2021 har vi eit meirforbruk på kr 200 000. Grunna auka behov i befolkninga for heildøgns plassar, ventar vi at utfordringa vil halde fram.
- Oppgåveoverføringar frå helseføretaket gjer at brukarane kjem tidlegare heim og er dårlegare enn før. Vi må i større grad yte spesialiserte tenester innan somatikk, psykiatri og rus.

- Rekruttering av helsepersonell, særleg sjukepleiarar og vernepleiarar, og rekruttering av gode leiarar er spesielt utfordrande.
- Velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering, implementere og ta desse i bruk.
- Auka press på [avlastningstenesta](#) og korttid- og langtids plassar.
- Auka behov for fleire heildøgns plassar, bu- og tenestetilbod til menneske med nedsett funksjonsevne og barn og unge med særlege behov.
- Stor auke i tal på brukarar innan psykisk helse og rus-tenesta, Vi ser verknadar av pandemien. Grunna lav bemanning er det stor risiko for at vi ikkje klarer å yte lovpålagte oppgåver.

7.3 Tenesteområder, tal brukarar

Tenesteområder	Tal brukarar 2019	Tal brukarar 2020	Tal brukarar per 27.10.2021
Storkjøkkenet	182	192	178
Heimesjukepleie	307	321	300
Brukarstyrt personleg assistent	8	9	10
Aktivisering av eldre og funksjonshemma, dagtilbod	70	59	51
Praktisk bistand	211	215	187
Bukollektiv korttid/langtid	98	134	105
Rehabilitering	44	35	36
Psykisk helse- og rusteneste	259	263	230
Vaksenopplæring			
Kingelveven	13	13	
Løkevegen bufellesskap	13	13	12
Avlastning barn	13	15	12
Støttekontakt	63	60	58
Bufellesskap for funksjonshemma	14	15	15
Institusjon	11	13	11
Avlastning eldre	5	4	1
Psykisk helse barn/unge	103	73	59

7.4 Oversikt tal brukarar i perioden 2011-2020

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Per 25.10.2021
Brukarar med tenester	462	448	466	500	510	531	734	878	946	951	855
Tal tenester	1 690	1 760	1 923	2 185	2 185	2 506	2 820	3 199	3 626	3 675	3 271
Tal e-meldingar	0	0	2 283	9 201		14 186	14 374	16 605	16 585	18 346	17 100

E-meldingar er kommunikasjonsplattforma mellom helseføretaket, kommunen og fastlegane.

Timetal tenester tildelt

Teneste	Per 25.10.19	per 25.10.20	Per 25.10.21
Brukarstyrt personleg assistanse, tal brukarar	8	7	10
Brukarstyrt personleg assistanse, timetal per veke	247 timar	224,56 timar	359,56 timar
Praktisk bistand/opplæring, tal brukarar	136	138	118
Praktisk bistand/opplæring, timetal per veke	2 767,52 timar	2 829,40 timar	2 626,47 timar
Heimesjukepleie, tal brukarar	205	195	200
Heimesjukepleie, timetal per veke	2 402,4 timar	2 138,08 timar	2 114,26 timar

7.5.1 Oversikt tal årsverk pleie og omsorg, ramme 7

Teneste	2019	2020	2021
Valderøy omsorgsdistrikt	56,5	57,75	68,67
Vigra, Giske om Godøy omsorgsdistrikt	67,07	67,07	55,86
Meistring og Psykisk helse	70,4	67,4	69,95
Totalt årsverk	193,97	192,22	192,48

KOSTRA, Helse og omsorg, 2020

Nøkkeltal	Enhet	Giske 2020	Kostragruppe 01	Landet utan Oslo	Møre og Romsdal
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggjar	kr	27 045	30 475	29 271	33 236
Årsverk helse- og omsorg per 10 000 innbyggjar	Årsverk	266,1	333,7	315,4	362,3
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunens samla netto driftsutgifter	Prosent	31,1	33,8	32,1	36,1
Andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta med helseutdanning	Prosent	83,4	78,9	78	77,5
Årsverk per brukar av omsorgsteneste	Årsverk	0,78	0,51	0,58	0,57
Andel innbyggjarar 80 år og over som brukar heimeteneste	Prosent	34,7	32,6	29,2	33,1
Andel brukarar av heimeteneste 0-66 år	Prosent	32,5	49,9	48,4	47,9
Andel innbyggjarar 80 år og over som er beboar på sjukeheim	Prosent	1,4	10,4	11,2	11,8
Andel brukartilpassa einarom med eige bad/wc	Prosent	100	94,2	91,8	92,2
Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon	Kr	3 770	4 074	4 033	3 979
Legetimar per veke per bebuar i sjukeheim	Timar	0,47	0,55	0,57	0,51
Andel innbyggjarar 67-79 år med dagaktivitetstilbod	Prosent	1,58	0,84	0,64	0,85

7.6 Styringskort og styringsindikatorar

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2021	Resultatmål 2022	
Brukarar	Utvikle dagtilboda både ved Giske omsorgssenter, Vigra omsorgssenter og Kingelveven,		Vidarføring og utvikling tilbodet	Auke tal brukarar innan denne tenesta. Tilbodet skal utviklast til å treffe fleire brukargrupper. Samspel med andre tenester	
	Sikre framtidig bu- og tenestetilbod til barn og unge med særlege utfordringar		Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid. Setje i verk tiltak som reduserer venta kostnader innan denne brukargruppa. Bygge opp intern kompetanse.	Strategi bu-tenestetilbod helse og omsorg 2050. Vedtak i kommunestyret våren 2022. Tverrfagleg samarbeid. Setje i verk tiltak som reduserer venta kostnader innan brukargruppa. Bygge intern kompetanse. Vurdere tilrådingane i rapporten: Bu- og tenestetilbod barn og unge med særlege behov.	
	I møtekomme vekst tal brukarar innan psykisk helse og rustenesta. Auke kompetanse og bruk av velferdsteknologi	Venteliste	Nyttegjere digitale verkty i større utstrekning. Samarbeid både internt og eksternt	Nyttegjere digitale verkty i større utstrekning. Samarbeid både internt og eksternt	Nyttegjere digitale verkty som rask psykisk helsehjelp. Søke midlar hjå Statsforvaltar og Helsedirektoratet. Effektivisere tenestene. Ambulant verksemd. Auka samarbeid mellom bufellesskap og psykisk helse og rustenesta.
	I møtekomme veksten innan omsorg, tal brukarar og tal tenester innan tildelt budsjett	Venteliste heildøgsplassar, kostnader utskrivingsklare brukarar ved helseføretaket. Tal brukarar og tal tildelt tenester.	Setje iverk tiltak. Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid. Vurdere bu- og tenestetilbod	Setje iverk tiltak. Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid. Vurdere bu- og tenestetilbod	Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050. I verksette tiltak knytt til dette arbeidet. Prioritere tiltak. Styrke samarbeid mellom einingane. Effektiviseringstiltak.
Medarbeidarar	Sjukefråvær 7 %	Sjukefråværsstatistikk. Jobbe kontinuerleg med nærværstiltak. Arbeid med NED-med sjukefråvær	7 %	7%	
	Gjennomføre kompetansehevingsprosjekt: ABC Demens og Pro-Act. Elles auke kompetanse på dei områda som treng særleg fokus.	Gjennomført kurs og opplæring	Fortsetje arbeidet	Fortsetje arbeidet	
	Vi klarer å rekruttere nødvendig kompetanse, som sjukepleiar, vernepleiar og helsefagarbeidar. Vi klarer å rekruttere gode leiarar.	Oversikt stillingar og funksjonar	Felles prosjekt innan omsorg som skal arbeide med rekruttering, behalde, turnus, ufrivillig deltid, arbeidsmiljø og sjukefråvær. Styringsgruppe og nødvendige arbeidsgrupper. Tiltak knytt til dei ulike områda er sett i verk.	Fortsetje felles prosjekt VINN-VINN, innan omsorg som skal arbeide med rekruttering, behalde, turnus, ufrivillig deltid, arbeidsmiljø og sjukefråvær. Styringsgruppe og nødvendige arbeidsgrupper. Tiltak knytt til dei ulike områda er sett i verk.	
	Redusere ufrivillig deltid. Heiltidskultur	Kartlegge ufrivillig deltid. oversikt over personar som har fått auka stilling.	Fortsetje arbeidet. Sjå punkt over.	Fortsetje arbeidet, Fokus. Haldningsarbeid i einingane.	
Ta i bruk dei velferdsteknologiske	Implementere velferdsteknologi i	Dei digitale og teknologiske	Dei digitale og teknologiske	Dei digitale og teknologiske verktya vi har skaffa oss vert	

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultatmål 2021	Resultatmål 2022
Økonomi	verktøya fullt ut. Gi tilsette nødvendig kompetanse innan området.	tenestene.	verktøya vi har skaffa oss vert nytta fullt ut. Vi kan vise til gevinstrealisering.	nytta fullt ut. Vi kan vise til gevinstrealisering. Fortsetje samarbeidet i fellesprosjekt med Sula, Sykkylven, Stranda og Fjord. Justere retninga etter kvart det er behov.
	Kostnad for inneliggande pasientar i Helseføretaket skal ikkje overstige budsjett.	Rekneskap, månedleg rapportering	Ved tiltak lagt i økonomiplan 2021, held vi budsjettet i høve inneliggande pasientar ved Helseføretaket.	Halde kostnadane nede så langt det er mogleg. Budsjett er auka i 2022, meir realistisk i høve den faktiske situasjonen. Krev samarbeid mellom tenester og tildelingskontor.
	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme. Månadleg rapportering		≤ 0